

## Nytt dekke utanfor Gamleskulen.

14.10.2016



Treplattingen utanfor Gamleskulen skal fjernast.

**I ettermiddag starta eit dugnadsprosjekt utanfor Gamleskulen. Då uskedalen.no var innom, var to positive karar i gang med å riva opp treplattingen som har lege utanfor inngangspartiet. I morgon er det så planen at ein dugnadsgjeng skal fjerna dei gamle materialane før det vert gort grunnarbeid for asfaltering av plassen.**

Egil Myhre frå styret i Uskedal Utvikling kunne fortelja at det var to hovudgrunnar til at det gamle tredekket skulle fjernast. Det eine var at det har veldig lett for å verta glatt der når det er fuktig. Når det no også går mot kjøligare tider, har det lett for å leggja seg islag der. At det lett vert glatt, gjer det uttrygt å gå på. Den andre grunnen til skiftet var rett og slett at materialane var i dårleg forfatning einskilde stader.

Planen er no at det skal leggjast asfaltdekke. Det er Kvinnherad Asfalt som skal utføra dette arbeidet, og det vert gjort i næraste framtid. Myhre seier at dette vil verta gjort samstundes som det vert lagt ny asfalt etter arbeidet som vert gjort i hovudvegen ved avkøyrsla ned til Beinavikjo.



Rivingsarbeidet er alt godt i gang.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døsland